

# Radar

2014 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

30.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

Idrettsvegen 1, 5936 Manger  
Tlf 5634 9840

Dagleg leiar Audun Sylta  
901 95 179

Kontorfullmektig  
Hilde Marit Solend  
5634 9840

Sokneprest Kjell Sekkingstad  
951 41 360

Prostiprest  
Marianne Støylen Skauge  
472 34 796

Trusopplæringsmedarbeidar  
Willem Vogelaar  
479 73 670

Organist J.William Kay  
915 91 482

Organist Mette H.Hjelmeland  
480 38 504

Dirigent Radøy damekor  
Jūraté Norkuviené  
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane  
Arne Palmesen  
911 53 484

Kyrkjetenar  
Berit Karin Vogelaar  
942 42 233

Kyrkjetenar  
Marta G.Hvidsten 909 18 214

## Nytt frå dagleg leiar

### *Bauten gravplass – Rikstad*

Radøy kommune har heile 6 gravplassar. Lengst nord ligg Rikstad eller Bauten som den gjerne vert kalla. I følge soga om Hordabø kyrkje vart plassen etablert som hjelpekyrkjegard på garden Rikstad si utmark i 849. Det vart halde takstforretning i 1859. Soga fortel at grunneigarane sa seg nøgd med 29 spesidalar 3 ort og 10 skilling som betaling for grunnen. Gjerdet vart sett opp på plikt.

Gravplassen på Rikstad vart tatt i bruk på grunn av kolerasjukdomen som kom til landet i 1848. Det var ikkje plass til fleire graver ved kyrkja og presteboka fortel at på 3-4 månader var det jordpåkasting for 56 personar på hjelpekyrkjegarden på Bauten.

I vinter har vi stelt trea på Bauten og tatt dei ned ein god del. Hekken som delte kyrkjegarden har også vorte tatt bort. Som erstatning for hekken vert det no laga ein lav gråsteinsmur som det skal plantast nytt i når den er ferdig. Planen er at det skal verta eit tak på enden til bossopp og vannpost.



Vi er heldige som har kyrkjegardsarbeidarar som har kunnskap om mangt inkludert gråsteinsmuring , snekkararbeid og skiferlegging.

Arbeidet vert tatt i ledige stunder og kjem til å ta litt tid. Anleggsarbeid fører alltid til litt rot, men vi vonar at arbeidet ikkje er til stor ulempe for dei som vitjar gravplassen.

### *Kyrkjelyden sitt årsmøte*

I alle sokn skal det kvart år haldast eit kyrkjelydsmøte der ein legg fram for medle-mene årsrapport, rekneskap, arbeidsprogram og budsjett til orientering.

Møtet i år vert halde i Manger kyrkje – kyrkestova søndag 27.april etter gudstenesta. Det vert enkel servering av mat og litt underhaldning med eigne krefter.

### *Manger kyrkje*

Kyrkja på Manger var påbegynt i 1890 og stod ferdig i 1891. Alt under bygginga vart det klårt at takkonstruksjonen var for svak og at «kyrkjeskipet tok til å gjeva etter». Kyrkja har fleire gonger vore vurdert i forhold til stabilitet, sist i 2003 og 2006. Etter ein storm i vinter kom det uromelding rå dei tilsette om knakelydar i bygget og det vart gjeve uttrykk for at kyrkja burde undersøkast på ny.

Vi har derfor tatt kontakt med Akasia i Bergen som har vore på synfaring med sine ingeniørar og gjeve rapport. Det har også vore synfaring av ekspertar på laftebygg. Teknisk avdeling i Radøy kommune ved Tore Rikstad har også vore til stor hjelp med sine vurderingar og kunnskap om kva som har vore gjort med bygget gjennom mange år.

Det syner seg at toppen av søylene i kyrkja har flytta seg i snitt 23,8 millimeter sidelengs dei siste 7 åra. Det er naudsynt å gjera tiltak for å stabilisere kyrkja då den synest å vera i rørsle. Tilrådinga så langt er det må lagast eit forprosjekt der stabiliteten i bygget vert vurdert nærmare. Arbeid med forprosjekt er tinga og vert sett i gang i løpet av våren.

Audun Sylta  
Dagleg leiar



## Takk til Sølvi

Sølvi Helen Kvalheim Mjøs har sagt opp som kyrkjetenar for å gå over i anna stilling. Ho starta som vikar i Hordabø i 2007 og i Manger i 2008. Etter eit år som vikar vart det fast stilling begge stader. Førebels har ho permisjon eit år frå stillinga i Hordabø så vi får kanskje sjå ho att som fast innslag i kyrkjene om ei stund.

I tillegg til jobben har ho også vore sterkt engasjert i Barnekantoriet og Minikantoret i Hordabø og hatt kor gjennom mange år. Ho har også vore med på babysang i kyrkjene. Vi som kjenner Sølvi veit at ho seier ja til det meste og at det er fart, godt humør, klar tale og kreativitet rundt henne.

Det har vore ei glede å arbeide saman med Sølvi og vi ynskjer ho lukke til i sitt nye virke.

Audun Sylta  
Dagleg leiar

## Min salme

Som "Min salme" har eg valt Deilig er jorden.  
Dette er ein salme fra 1850, skrevet av svenske B.S. Ingmann.

Deilig er jorden fyller meg alltid med ei følelse av takknemlighet og glede for det livet ein har fått. Den gjev meg eit indre bilet der eg ser glade barn frå andre deler av verda. Barn frå andre område som ikkje har dei same mulighetene som oss, men som viser at glede over livet er noko som kjem frå innsida.

Dette gjer meg ei tru på at jorden er deilig!

Kristen Kvalheim

Deilig er jorden,  
prektig er Guds himmel,  
skjønn er sjelenes pilgrimsgang!

Gjennom de fagre  
riker på jorden  
går vi til paradis med sang.

Tider skal komme,  
tider skal henrulle,  
slekt skal følge slekters gang;  
aldri forstummer  
tonen fra himlen  
i sjelens glade pilgrimssang.


Englene sang den  
først for markens hyrder;  
skjønt fra sjel til sjel det lød:  
Fred over jorden,  
menneske, fryd deg!  
Oss er en evig Frelser født!

# BARNAS -SIDE


Prikk til prikk

### Fargelegg

Fargelegg Jesus og læresveinane på veg til Emmaus!



Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare.  
Kva skjuler seg her?



### Finn fem feil

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Faye Simms



**nettSPRELL.no**

- Musikkvideoar
- Teiknefilmar
- BARNAS-konkurransar

Søndagsskulen si nettside for barn!

**BARNAS**

14 blader + DVD + CD = berre 365,- krar

(privataboonnement heim i posten)  
Gruppeaboonnement berre 199,- pr barn

Ting på barnas@sondagsskolen.no eller på telefon 22 08 71 00



TÅRNAGENTENE



tarnagentene.no  
Tårnagentane sin eigen nettstad!

## Luther sin vesle katekisme



Martin Luther levde i Tyskland frå 1483 til 1546. Han var professor i teologi og var den karismatiske leiaren for Reformasjonen. "Den vesle katekisma" skreiv han i åra 1528-1531.

Ei katekisme er ei samling av hovudtekstane i den kristne trua til bruk for ein som skal døypast, og som ei dagleg påminning til alle som er døypte. Luthers vesle katekisme inneheld dei fem hovudtekstane i vår Lutherske tro: Dei ti boda, truvedkjenningsa, Herrens bøn, dåpsbefalinga og nattverdsteksten.

Luther ville at alle skulle lære dei fem hovudtekstane i kristendomen utenat. Dei får plass på éi side. Når du kan desse fem tekstane, so har du lært katekisma! Den vesle katekisma vart først trykt som plakatar til å hengja opp i heimane, og der var det også svar som foreldra kunne gje på spørsmål frå borna.

*Korleis mor og far på ein enkel måte skal lera alle i huset  
"Trua"*

Den første artikkelen "om skapinga"

*Dette skal lærast utanat...*

Eg trur på Gud Fader,  
den allmektige,  
som skapte himmel og jord.

*Forklaringa som ein ikkje må kunne utanat...*

Kva tyder det?

Svar: Eg trur at Gud har skapt meg og alle skapningar, at han har gjeve meg kropp og sjel, auge, øyre og alle lemer, fornuft og alle sansar og framleis held alt dette ved like. Han gjev meg klede og skor, mat og drikke, hus og heim, ektemake og born, jord og husdyr og alt som er godt. Han gjev meg kvar dag rikeleg av et eg treng for å leva. Han vernar meg mot alle farar, vaktar og vernar meg mot alt vondt. Alt dette gjer han av faderleg og guddommeleg godleid og miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det. For alt dette skuldar eg å takka og lovsyngja han, tena og lyda han. Dette er sant!

## Diakoni i Radøy Sokn

Soknerådet har i fleire møter drøfta temaet: Diakoni i soknet og vedtok på sist møte den 12. mars å opprette diakoniutval. I plan for diakoni i den Norske kyrkje heiter det:

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd"

Med ein slik definisjon ser vi at det er svært mykje av aktivitetar og arbeid i kyrkja som fell inn under diakoni. Visjonen i den diakonale tenesta er: Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.

Diakonien har vore ein del av kyrkja gjennom heile kyrkjehistoria. Organisering og former har skifta, men i alle epoker har det vore viktig å verne om omsorgstenesta. I dag utgjer dette diakonale arbeidet eit mangfall som går føre seg på mange plan og i mange samanhengar. Arbeidet i den Norska kyrkja er ein viktig del av dette mangfaldet. Fleire arbeidsformer kan her nemnast, men eg vil nøyne meg med å peike på 2 stk:

Fyrst "Allmen diakoni" som kjem til uttrykk i dei mange situasjoner i kvardags- og kyrkjelydslivet. Den einskilde og fellesskapet vert utfordra når medmenneske møter små og store kriser, og vi kjem alle i situasjoner i livet der vi treng andre mennesker. Dernest "Det organiserte arbeidet" som diakoner og diakoniarbeidarar utfører på vegne av kyrkjelyden overfor enkeltmennseker og grupper mennesker som av forskjellige grunnar kan vere i ein utsatt posisjon. Eksempler kan vere: Besøksteneste/arbeid blant eldre, Sorggrupper og andre former for sjølhjelpsgrupper, Arbeid blant innvandrere, Rusfri nattkaffe for ungdom, for å nemne nokre.

Diakoniutvalet som no vert oppretta får såleis i oppgåve å lage ein diakoniplan for Radøy Sokn. Soknerådet får så planen til handsaming og godkjenning. Planen vil innehalde diakonitiltak som alt fins i soknet, og sette fokus på nye områder der ein ser utfordringar og behov for tiltak. I dette arbeidet vil utvalet vere avhengig av samarbeid med det frivillige engasjementet i soknet.

Om du som les dette, kjenner at dette er noko du brenn for, ville det vore svært fint om du tok kontakt. Radøy sokn treng engasjerte medlemmer til diakoniutvalet og frivillige til praktisk diakoniarbeid på forskjellige områder.

*Per Bjørkhaug*

# GUDSRIKELEIKEN - GODLY PLAY

Gudsrikeleiken, som er utvikla frå "Den gode hyrde katekese", er eit trusopplæringsprogram byggja på Maria Montessoris pedagogikk.

I Gudsrikeleiken er born og vaksne saman om Guds ord.



I mars i år arrangerte kyrkjelydane i Radøy og Lindås kurs i bibelforteljarkunst. Kurset heitar «Gudsrikeleiken» og er eit trosopplæringsprogram som tek born, og deira andelege perspektiv, på alvor. I Gudsrikeleiken er born og vaksne saman om Guds ord og dei store forteljingane.

Kurshaldarar var Rune Øystese, førstelektor på NLA, og Anne Helene Gjengedal som har mange års røynsle frå arbeid med formidling av bibelforteljingar til born. Til saman var vi 13 deltagarar, for det meste frå Bjørgvin men òg frå andre delar av landet.

Vi ynskjer å bruke Gudsrikeleiken her på Radøy, men for å ta i bruk programmet trengs det material. Materiala skal vere robuste, fordi born skal få leke med dei òg. Samtidig skal dei vere fin utforma.

Vi har allereie kjøpt «Skapelseshistorien», «Historien om Abraham», «Utflykten frå Egypt», «Bortført og hjemvent» og «Likninga om den gode hyrden». Materiala til Gudsrikeleiken vert produserte i Finland. Vil de vere med å sponse ei historie? I første omgang ynskjer vi å kjøpe:

Likninga om den barmhjertige samaritan	NOK 160,00
Likninga om sennepsfrøet	NOK 470,00
Likninga om såmannen	NOK 130,00
Påskeforteljinga	NOK 470,00
Juleforteljinga (den heilage familien)	NOK 1280,00
Nattverden (med den gode hyrden)	NOK 280,00
SUM	NOK 2790,00

## *Gudsrikeleiken: jeg greier det sjøl - hjelp meg!*

Born kan ta til seg kunnskap på eiga hand når omgivnadene er trygge og det dei treng ligg til rette for dei. Å gjere ting sjølv er eit viktig prinsipp innanfor montessoripedagogikken. Gjennom mange år med grundig utprøving har det vist seg at det går godt an å arbeide etter desse prinsippa òg i trusopplæringa. "Godly Play" er eit trusopplæringsprogram som tek born og det andelege livet deira på alvor.

I Gudsrikeleiken er born og vaksne saman om Guds ord. Borna får kome med tankane sine om det heilage i møte med forteljingane. Dei vaksne har tid til å undre seg saman med borna i staden for å tolke bibeltekstene for dei. Den heilage ande er i verk når borna får fordjupe seg i det dei har hørt og sett, gjennom kreativt, praktisk arbeid både med godt formingsmateriell, og med materiellet som vert brukt til å presentere dei ulike forteljingane.



# Frå soknerådet og kyrkjelydsutvala

Britt Sissel Kvamme har fått permisjon frå soknerådet ut 2014 grunna utdanning. 1.vara Oddvar Stang møter som fast medlem i hennar fråvær.

Nyval til kyrkjelydsutvala frå soknerådet:

Hordabø: Ludvig Grindheim  
Manger: Elin Irene Klausen  
Sæbø: Simon Walther Grandahl

## Vårrydding på gravplassane

Kvar vår ryddar vi gravplassane og tek bort bar, kransar og lause gjenstandar på gravene. Kyrkjegardsvedtekten gjev høve til å ha lys og lykter på gravene , men desse må takast bort om sommaren saman med andre lause dekorgjenstandar. Nokon set lause gjenstandar bak gravminnet. Dette skapar vanskar når vi skal slå og vi ber om at desse vert tatt bort om sommaren.



**Simon Grandahl**  
Leiar 2012-2013  
Administrasjonsutvalet  
Offerkomiteen



**Gudrun Rikstad**  
Nestleiar 2012-2013  
Administrasjonsutval



**Elin Klausen**  
Vara, administrasjonsutval  
Kyrkjelydsutvalet i Manger



**Ludvig Grindheim**  
Administrasjonsutval  
Kyrkjelydsutvalet i Hordabø



**Marta Grønstad Hvidsten**  
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø



**Britt Sissel Kvamme**  
Kyrkjelydsutvalet i Sæbø  
Redaksjonsnemnd, Radar



**Kenth Remy Nesbø**



**Silje Kristin Ellingsen**  
Offerkomiteen  
Vara, administrasjonsutval

## Arbeid i Hordabø kyrkje

Kyrkjelydsutvalet i Hordabø jobbar for tida for å få på plass ein del stolar til kyrkja, istaden for benkar. Men me vil gjera meir. I tillegg ynskjer vi å få på plass ny rullestolinngang til hovudinngang, rullestolrampe til korpartiet og lys langs veien inn til kyrkja.

Desse prosjekta er noko me må skaffa ein del pengar til sjølv. Difor vil me freista å få i gang kyrkjeforeininga att. Kanskje me kan kalla det ein kyrkjeklubb? Vi treng frivilige som vil vera med og gjera ein jobb. Ein gong ut på sumaren vil alle som vil vera med verta invitert til ei samling i kyrkja slik at me kan snakka om kva den enkelte kan bidra med. Så dersom du vil vera med på dette, tenk over "kva kan eg gjera?" Me i kyrkjelydsutvalet vonar me skal få dette til, og me ynskjer at så mange som mogleg vil vera med på dette.

*Ludvig Grindheim  
For kyrkjelydsutvalet i Hordabø*

## Nytt frå Fjon fjellkyrkje

Juni/juli 2014- skal kjøkkenet på Fjon Fjellkyrkje bytast ut. Rommet skal total renovast og det vert ny innreiing og utstyr. Økonomisk ramme for prosjektet er kr.450 000, og blir det største "løftet" som blir gjort sidan kyrkja vart vigsla i 1987.

Mykje av arbeid vil verta utført på dugnad, men me treng di hjelp for å klara dette økonomiske løftet. Gje di støtte – kvar krone tel og er kjærkomne. Kontonummer er: 3635 50 14732. Merk innbetalinga med "Kjøkken 2014".

På førehand takk for verdifull hjelp!  
*Takk frå Styret for Fjon Fjellkyrkje.*



# Familienytt



## Døypte

05.01.2014 Sara Veland Hjelmtveit  
 05.01.2014 Leonard Nordås  
 12.01.2014 William Bø Kartveit  
 26.01.2014 Amelia Marås Helland  
 02.02.2014 Elida Vågenes Morken  
 09.02.2014 Esther Louise Swärd  
     Stevnebø  
 23.02.2014 Ingrid Vetås Gjelsvik  
 02.03.2014 Kenny Solen  
 09.03.2014 Tobias Hamre Floen  
 16.03.2014 Jenny Hella Ulvatn  
 16.03.2014 Elena Sæverås Røyseth  
 16.03.2014 Daniella Steindal  
 23.03.2014 Savannah Blom Breistein  
 30.03.2014 Lucas André Gran

## Døde

10.12.2013 Rasmus Nikolai Mangerøy  
 10.12.2013 Erling Fauskanger  
 17.12.2013 Svein Bjarte Thomassen  
 20.12.2013 Olaf Rasmussen Ystebø  
 07.01.2014 Karen Vetås  
 10.01.2014 Borghild Vetås  
 21.01.2014 Nelly Thomassen  
 24.01.2014 Anne Gunn Skoge  
 14.02.2014 Sigbjørn Kvalheim  
 18.02.2014 Karstein Birger Hole  
 21.02.2014 Amalie Marie Drivenes  
 21.02.2014 Anna Rustad  
 25.02.2014 Asbjørn Kvamme  
 07.03.2014 Valborg Nesbø  
 07.03.2014 Anna Morland  
 18.03.2014 Vidar Olsvold  
 21.03.2014 Astrid Margrete Kvalvåg



(Alle datoar er seremonidatoar.)



[facebook.com/  
radoysokn](https://www.facebook.com/radoysokn)



[twitter.com/  
radoysokn](https://twitter.com/radoysokn)

## KAFFEKROKEN




# Innkomne offer

Dag	Offermål	Kr
08.12 2.sundag i adventstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	1982
15.12 3.sundag i adventstida	Rådet for psykisk helse	1228
24.12 julaftan	Kirkens Bymisjon	6865
24.12 julaftan	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	26411
25.12 juledag	Det Norske Misjonsselskap	1830
01.01 nyårsdag	Redd Barna	1345
05.01 Kristi openberringsdag	Maritastiftelsen	1520
12.01 2.s.i.openberringstida	Norges kristelige studenterforbund	1679
19.01 3.s.i.openberringstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	1765
26.01 4.s.i.openberringstida	Norsk luthersk misjonssamband	1303
02.02 5.s.i.openberringstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Estland	3762
09.02 6.s.i.openberringstida	Det Norske Bibelselskap (2 offer)	3547
16.02 Såmannssundagen	Trusopplæring i Radøy	1565
16.02 Såmannssundagen	Det Norske Bibelselskap	553
23.02 Kristi forklæringsdag	Kirkens SOS i Bjørgvin	1958
02.03 Fastelavnssundag	Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)	2799
05.03 Oskeonsdag	Sjelesorgsenteret Haraldsplass	640
09.03 1.sundag i fastetida	CARE	1547

	Sum 2013	Hittil i 2014
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	12043,00	0,00
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	36130,00	1565,00
Offer til særskilte prosjekt i soknet (orgel, stolar):	7230,00	0,00
Offer til andre organisasjoner:	128443,90	22418,00



## 150-års jubileum for Barken Elieser. Norges første misjonsskip.



**Program, Bergen:**  
Fredag 23. mai kl.17.45 – 22.00  
Avduking av plakett på  
Bradbenken, der Elieser ble  
bygget.  
**Fjordcruise med veteranbåt:**  
Historisk spel, sang, musikk og  
servering.  
**Gå ikke glipp av denne  
historiske begivenheten.**



Påmelding til NMS, Bergen. Telefon 40406044. e-post ave@nms.no, innen 1. mai 2014.  
Begrenset antall. Pris: kr. 500,- for båttur og servering om bord. Forhåndsbetaling til konto 3530.27.01480  
Jubileet markeres også med Gudstjeneste i Domkirken, Bergen søndag 25. mai kl.11.00

### Korleis har du det eigentleg?

**Kirkens SOS**  
815 33 300  
[www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



**MANGER  
GRAVMONUMENT**  
5936 Manger • Tlf. 452 71 563

Ring for avtale  
[terje.skjelvik@broadpark.no](mailto:terje.skjelvik@broadpark.no)



BLOMSTERFORRETNING  
Manger Senter • 5936 Manger • Tlf.: 56 37 34 77

Tlf 5637 4073 / [kval.vvs@frisurf.no](mailto:kval.vvs@frisurf.no)  
Måndag - fredag 0900-1630  
Laurdag 1000-1400



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60  
[www.fiskenett.no](http://www.fiskenett.no)



**Nordhordland  
Begravelsesbyrå AS**

Vi ordner alt vedrørende  
dødsfall i distrikt og by.

DØGNVAKT TLF 5637 1410  
[www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)

**Vatne  
Begravelsesbyrå**

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



**BUNNPRIS**

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90

 SparebankenVest

*Di annonse her?*

Ta kontakt med kyrkjekontoret,  
56349840 eller send ein epost til  
[radar@radoysokn.no](mailto:radar@radoysokn.no)

**REMA 1000**

bare lave priser

Manger Senter  
07-23 (09-21) 5637 2255



Tørkeloftet AS  
Blomster & interiør

Manger Senter  
Tlf: 56374020  
[torkeloftet@gmail.com](mailto:torkeloftet@gmail.com)

Vi hjelper deg med blomster til alle  
anledninger.

*Smiths*

møte- og selskapslokale  
**Manger— Ring 56 37 31 11**  
leverer snittar, koldtbord og varm mat

**ENTREPRENØR  
Rune Ulvatn AS**

5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

# Vel møtt i kyrkja!

Sjå også nettsidene våre og følg oss på Facebook!

søndag 6. april	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 13. april	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
skjærtorsdag 17. april	1900	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Kveldsmat etter gudstenesta.
langfredag 18. april	1900	Sæbø kyrkje. Pasjonsgudsteneste.
påskedag 20. april	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste. Frukost fra kl 0930.
søndag 27. april	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
laurdag 3. mai	1100	Emigrantkyrkja. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 4. mai	1100	Hordabø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 10. mai	1100	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 10. mai	1300	Manger kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
søndag 11. mai	1100	Sæbø kyrkje. Konfirmasjonsgudsteneste.
laurdag 17. mai	1000	Manger kyrkje. Festgudsteneste.
laurdag 17. mai	1030	Sæbø kyrkje. Festgudsteneste.
laurdag 17. mai	1115	Hordabø kyrkje. Festgudsteneste.
laurdag 17. mai	1230	Emigrantkyrkja. Festgudsteneste.
søndag 25. mai	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
helgetorsdag 29. mai	1100	Solenfjellet. Friluftsgudsteneste.
søndag 1. juni	1100	Tjorehagen. Friluftsgudsteneste.
pinsedag 8. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
2.pinsedag 9. juni	1300	Hordabø ("Katedralen"). Friluftsgudsteneste.
søndag 15. juni	1100	Hordabø kyrkje. Gudsteneste.
søndag 22. juni	1600	Manger kyrkje. Orgelkonsert J.William Kay.
søndag 22. juni	1100	Manger kyrkje. Gudsteneste.
søndag 29. juni	1100	Sæbø kyrkje. Gudsteneste.

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste i den nærmaste kyrkja, men tenka at både Sæbø, Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”*  
*Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*

Ei oppdatert liste over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene finn du også på internett.  
 Sjå dessutan kunngjeringar i lokalavisene.

Redaksjon: Ludvig Grindheim, Elin Klausen, Britt Sissel Kvamme  
 Utforming: David J.Agnew • E-post: radar@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik



DEN NORSKE KYRKJA  
 Radøy sokn

